

INSTRUKS FOR LYE FORSAMLINGSSTYRE



MÅL/VISJON

1. Lye forsamlingsstyre ønskjer å bygge ein forsamling på Lyefjell. Forsamlingsstyret skal arbeide for å vinne nye menneske for Kristus, samle menneske om forkynninga av Guds Ord og vere med å utvikle eit fellesskap som er levande, ope, varmt og evangeliserande, slik at ein kan realisere visjonen: «Vi ønskjer at alle på Lye må bli betre kjende med Jesus Kristus.»

OPPGÅVE/ANSVAR

2. Lye forsamlingsstyre leier og fører tilsyn med fellesarbeidet ved Lye forsamlingshus.

GUDSTENESTER

3. Lye forsamlingsstyre har gudstenester som ei av sine prioriterte oppgåver. Normalt arrangerast desse kvar 14. dag i perioden medio august til ultimo juni. Soknepresten i Time har spesielt ansvar for Lye, og talar som hovudregel på dei fleste gudstenestene, men forsamlingsstyret står fritt til å invitere andre talarar.

Lye forsamlingsstyre har stor fridom i forhold til liturgisk innhald i samlingane. Det forrettast jamleg nattverd etter Den norske kyrkjes ordning på gudstenestene. Sokneprest i Den norske kyrkje forretter dåp på forsamlingshuset. Datoar for gudstenestene fastsetjast i samarbeid med Time kyrkjekontor og soknepresten i Time.

ANNA FELLE SARBEID

4. Lye forsamlingsstyre kan arrangere andre møter til oppbygging og inspirasjon, og setje i gang anna fellesarbeid i forståing med Husstyret. Forsamlingsstyret fører tilsyn med vaksenarbeid, familiearbeid, barne- og ungdomsarbeid, og er ansvarleg for medarbeidar- og inspirasjonssamlingar, leiarforum for husfellesskapsgrupper/ bibelgrupper og eventuelle Alpha-kurs.

Lye forsamlingsstyre skal oppmuntre til, og halde seg orientert om, eigaranes og dei andre frivillige organisasjonanes sjølvstendige arbeid, og arbeide med sikte på å fremme einskap, eit levande evangeliserande fellesskap og alt som tener Guds rike på Lye.

TENESTEGRUPPER OG UNDERGRUPPER

5. Lye forsamlingsstyre står fritt til å oppnemne undergrupper og tenestegrupper, og delegere oppgåver etter behov.

MANDAT

6. Lye forsamlingsstyre veljast etter § 9 i Lover for Lye forsamlingshus (2014). Årsmøtet er forsamlingsstyrets øvste myndigheit. Forsamlingsstyret hentar sitt mandat frå den instruks som årsmøtet til ei kvar tid har vedtatt for Lye forsamlingsstyre.

SAMARBEID

7. Lye forsamlingsstyre samarbeider med soknepresten i Time både med å arrangere gudstenester og i gjennomføringa av anna forsamlingsarbeid på Lye. Soknepresten er fast medlem i Lye forsamlingsstyre.

Lye forsamlingsstyre leier arbeidet til sine fast tilsette medarbeidarar.

Lye forsamlingsstyre kan inngå samarbeidsavtalar med dei som forsamlingsstyret finn det formålstenleg å samarbeide med.

MØTERETT I TIME SOKNERÅD

8. Lye forsamlingsstyre, ved eitt eller fleire medlemmer, har møte- og talerett i Time sokneråd. Time sokneråd, ved eitt eller fleire medlemmer, har òg møte- og talerett i Lye forsamlingsstyre.

ØKONOMI/ RAPPORTERING

9. For å skaffe midlar til ønska stillingar skal Lye forsamlingsstyre organisere, tilretteleggje og gjennomføre ein frivillig givarteneste på Lye med oppland, slik styret finn mest formålstenleg. Forsamlingsstyret kan òg setje i gang andre inntektsbringande tiltak.

Kollektar på gudstenestene og innsamla midlar disponerast av forsamlingsstyret.

10. Forsamlingsstyret fører rekneskap og leverer budsjett for kvart kalenderår, og legg dette frem for årsmøtet. Status for givartenesta gjerast jamleg kjent for forsamlinga.
11. Forsamlingsstyret varslar Time kyrkjelege fellesråd (arbeidsgivar) og årsmøtet i god tid dersom det ikkje er muleg å basere arbeidsforholda på innsamla midlar. Det kallast inn til ordinært årsmøte eller ekstraordinært årsmøte (jmf. Lover for Lye forsamlingshus), før oppseiingsprosess setjast i verk. Dersom det ikkje kallast inn til ordinært årsmøte eller ekstraordinært årsmøte, er det opp til arbeidsgivar å setje i verk nødvendige tiltak.
12. Dersom tilsetjingsforholda avsluttast, og det er udisponerte midlar etter at alle forplikingar er dekkja, skal desse stå på konto fram til det neste ordinære årsmøtet. Forsamlingsstyret innstiller overfor årsmøtet på korleis midlane skal disponerast, og årsmøtet vedtar endeleg korleis midlane skal brukast.